

Prosjektplan


Prosjektet

«Auka gjennomføring- fleire ut i lære»




HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Prosjektplan Yrkesfaglege koordinatarar Auka gjennomføring «Fleire ut i lære»		
	Dokumenttype: Prosjektmal	Godkjend av: Styringsgruppa	Gjeld frå: 01.01.2017
Utarbeidd av: Hege Osebakken og Ola Dahl Andersen	Godkjend dato: 03.05.2017	Revidert dato:	Arkivsak: 2017/1228

Innhald

1 Mål og rammer.....	2
1.1 Bakgrunn.....	2
1.2 Formål med prosjektet.....	3
1.3 Skildring av kva prosjektet skal levere (prosjekt mål).....	4
2 Prosjektorganisasjon.....	6
3 . Omfang og avgrensing.....	7
3.1 Prosjektet heng saman med andre oppgåver eller prosjekt.....	7
3.2 Yrkesfagleg koordinator skal i utgangspunktet ikkje arbeide med.....	7
4 Prosjektoppfølgning.....	8
4.1 Avgjerdspunkt.....	8
4.2 Milepælar.....	8
5 Interessenter og kommunikasjonsplan.....	9
5.1 Interessenter/målgrupper.....	9
5.2 Kommunikasjonsstrategi.....	11
5.3 Evaluering	11
6 Risikovurdering	11
7 Ressursberekning	12
8 Gjennomføring.....	12
8.1 Tidsplan.....	12
8.2 Overlevering og oppfølging av prosjekt etter prosjektslutt.....	14

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Prosjektplan Yrkesfaglege koordinatarar Auka gjennomføring «Fleire ut i lære»			
	Dokumenttype: Prosjektmal	Godkjend av: Styringsgruppa	Gjeld frå: 01.01.2017	Tal sider: 15
	Utarbeidd av: Hege Osebakken og Ola Dahl Andersen	Godkjend dato: 03.05.2017	Revidert dato:	Arkivsak: 2017/1228

1 MÅL OG RAMMER

1.1 Bakgrunn

I fylkestinget 8. des. 2015 vart det framsett følgjande bestilling:

«I Hordaland er det berre om lag ein tredjedel av elevane som byrjar på yrkesfag som fullfører med fagbrev. Nokon av desse fullfører med studiekompetanse, men ein stor del fell frå utan fagbrev og utan studiekompetanse. Fylkestinget set av 4,5 millionar i ein søkbar pott til skular med låg gjennomføringsgrad på yrkesfag. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram ei heilskapleg sak som synleggjer naudsynte tiltak og kriteria for tildeling av midlar».

Fylkestinget har i juni 2016 vedteke at Fylkesrådmannen i åra 2017 og 2018 kan bruke 4,5 mill. til å styrkje arbeidet rundt samarbeid skole/arbeidsliv for å kunne utvikle gode lokale samarbeidsarenaer og sikre føreseielege løp for den einskilde ungdom.


I saka som vart lagt fram til politisk behandling, «Auka gjennomføring i yrkesfaga. Strategiar på kort og lang sikt, ei heilskapleg tilnærming», er det laga ei skisse for korleis desse midlane skal nyttast. I saka kjem det fram at det er trong for gode strategiar både på lang sikt og strategiar på kortare sikt med tiltak for å handtere dei ungdomane som ikkje får seg læreplass.

Strategiar på kort sikt inneber at det vert gjennomført ei forsøksordning med yrkesfaglege koordinatarar knytt til fem vidaregåande skular. Skulane vert plukka ut etter kor mange elevar som kjem seg vidare i opplæringsløpet. Dette arbeidet vert støtta og følgd tett frå skuleeigar si side gjennom å avsette ressursar til det. Det skal utviklast felles arbeidsorganisering for desse fem yrkesfaglege koordinatarane.

Følgjande skular er i saka plukka ut til å vera med i forsøksordninga:

- Slåtthaug vidaregåande skule
- Sotra vidaregåande skule
- Stord vidaregåande skule
- Voss vidaregåande skule
- Årstad vidaregåande skule

Totalt har desse fem skulane i overkant av 800 elevar på Vg2. Det utgjer over 43% av tal elevar frå Vg2 som anten har søkt læreplass eller påbygg. Struktura på desse skulane er

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Prosjektplan Yrkesfaglege koordinatarar Auka gjennomføring «Fleire ut i lære»			
	Dokumenttype: Prosjektmal	Godkjend av: Styringsgruppa	Gjeld frå: 01.01.2017	Tal sider: 15
Utarbeidd av: Hege Osebakken og Ola Dahl Andersen	Godkjend dato: 03.05.2017	Revidert dato:	Arkivsak: 2017/1228	

ganske lik i den forstand at dei har tilbod innan både TIP og Elektro, som er dei to utdanningsprogramma der ungdomane slit mest med å få seg læreplass. Voss vgs, som er liten samanlikna med dei fire andre, er plukka ut av di det er ein ny skule frå hausten 2016 og det er viktig at samarbeid skule/arbeidsliv vert sett høgt på dagsorden frå dag 1.

Det skal tilsetjast ein yrkesfagleg koordinator ved kvar av dei fem skulane. Slike koordinatarar er heilt avgjerande for å lukkast.

I tillegg til desse yrkesfaglege koordinatarane må også skuleeigar dedikere ein 150% ressurs i ein toårs- periode for å jobbe saman med skulane med desse utfordrande problemstillingane.

Det avgjerande for å lukkast er at skuleeigar er tydeleg i rolleutforminga av yrkesfagleg koordinator.


Føljande er tilsett ved dei fem prosjektskulane:



1.2 Formål med prosjektet

Det er ikkje noko nytt at ungdomane i Hordaland slit med å skaffe seg læreplass. Kwart år står det mange ungdomar igjen som ikkje får tilbod om læreplass. Problemstillinga er ikkje eksklusiv for Hordaland. Hausten 2015 var det i overkant av 9000 søkjarar til læreplass som ikkje klarte å skaffe seg plass på landsbasis.

Vi veit mykje om kvifor dette skjer kvart år. Kva den einskilde ungdom har med seg av kompetanse og opplæring betyr noko, om den einskilde ungdom har fått høve til å syne seg fram gjennom faget *Yrkesfaglig fordjuping (YFF)* betyr noko, og kvar den einskilde ungdom

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Prosjektplan Yrkesfaglege koordinatarar Auka gjennomføring «Fleire ut i lære»			
	Dokumenttype: Prosjektmal	Godkjend av: Styringsgruppa	Gjeld frå: 01.01.2017	Tal sider: 15
	Utarbeidd av: Hege Osebakken og Ola Dahl Andersen	Godkjend dato: 03.05.2017	Revidert dato:	Arkivsak: 2017/1228

bur betyr noko. Tilfanget av læreplassar og tilhøvet mellom tal elevar og tal læreplassar betyr sjølvsagt også mykje.

Vi har gjennom tal også vist at det er forskjellar mellom skular i kor stor grad elevane lukkast med å få seg læreplass. Indikator på om elevane klarer å skaffe seg læreplass eller ikkje, er ikkje ein offisiell målestANDARD, men det er sjølvsagt klart at det er ein indikator som interesserer skuleeigar.


Mål i prosjektet som kan la seg måle på dei utvalde skulane kan vera:

Forbetring av formidlingstal mellom Vg2 og Vg3 (elevar med ungdomsrett ut i lære) Innan 15.september	Målt opp mot tall frå 2015 og 2016	Haust 2017 Haust 2018 Haust 2019
Tal elevar som har skaffa seg læreplass før 01.06. på Vg2	Tall i 2017 målt opp mot tall i 2018 og 2019	Vår 2017 Vår 2018 Vår 2019
Tal elevar utplassert i YFF Vg1 og Vg2	Tall i 2017 målt opp mot tall i 2018 og 2019	Vår 2017 Vår 2018 Vår 2019
Arbeid på systemnivå	Oversikt frå 2017 sjåast opp mot tall (evalueringar) i 2018 og 2019	Vår 2017 Vår 2018 Vår 2019

1.3 Skildring av kva prosjektet skal levere (prosjekt mål)

Prosjektet skal gjennom arbeidet til dei yrkesfaglege koordinatarane få på plass varige strukturar og arbeidsmåtar som fremjar auka formidling og kan overførast til andre skular i fylket.

Etter prosjektperioden er over skal Hordaland fylkeskommune ha utarbeid ein tydeleg strategi for korleis ein arbeider med den enkelte ungdom som byrjar på ei fagutdanning: ei heilskapleg 4-årig opplæring for alle som vel yrkesfagleg utdanning.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Prosjektplan Yrkesfaglege koordinatarar Auka gjennomføring «Fleire ut i lære»			
	Dokumenttype: Prosjektmal	Godkjend av: Styringsgruppa	Gjeld frå: 01.01.2017	Tal sider: 15
	Utarbeidd av: Hege Osebakken og Ola Dahl Andersen	Godkjend dato: 03.05.2017	Revidert dato:	Arkivsak: 2017/1228

Leveransemål vil vere:

Systematisere og utvikle samarbeidet bedrift – skule

- Etter retningslinjer frå styringsgruppa og i samarbeid med prosjektleiing og lærar sikre og utvikle eit system for forpliktande samarbeid mellom bedrift og skule. Særskilt fokus på faget Yrkesfagleg fordjuping (YFF) og sikre heilskap og yrkesforankring mot ønskja lærefag frå første dag i vidaregåande skule.

Oppsøkande informasjonsvirksomhet mot elevar og bedrifter.

- Sikre at det vert informert om søknadsprosessen, arbeidslivets krav til elevar, og gitt informasjon til bedrifter om fag- og yrkesopplæringa.

Knyte kontakt med aktuelle bedrifter i regionen

- I samarbeid med skulen sikre at det er gode system og forpliktande avtalar for kontakt med bedrifter i regionen som det er naturleg at skulen samarbeider med. Styrke skulens nettverk og i samarbeid med lærarar og elevar drive merkevarebygging og gjere skulen attraktiv for næringslivet rundt.

Arbeide for å få fleire lærebedrifter og lære plassar i regionen

- I samarbeid med skulen og gjennom faget YFF, etablere arena for relasjonsbygging med tanke på formidling. Sikre at lærarar som har kontakt med aktuelle bedrifter kan gi nødvendig informasjon og rettleiing om krav til opplæring i bedrift og krav for å kunne bli godkjent lærebedrift.


I samarbeid med skulen legge til rette for å få elevar utplassert i bedrifter

- Sikre system og oversikt over når og i kva bedrift/-er elevane er i arbeidspraksis. I samarbeid med lærarar og leiarar i YFF sikre system for å planlegge, gjennomføre og følge opp elevar i arbeidspraksis.

Formidle elevar til lære plass

- YFK skal sikre systematisk arbeid for grupper av elevar som kan ha utfordringar i overgangen frå elev til lærling/lærekandidat. YFK skal opprette og sikre godt samarbeid mellom skule og attføringsbedrifter og opplæringskontor.

Støtte elevar i overgangen frå skule til læretid.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Prosjektplan Yrkesfaglege koordinatarar Auka gjennomføring «Fleire ut i lære»		
	Dokumenttype: Prosjektmal	Godkjend av: Styringsgruppa	Gjeld frå: 01.01.2017
Utarbeidd av: Hege Osebakken og Ola Dahl Andersen	Godkjend dato: 03.05.2017	Revidert dato:	Arkivsak: 2017/1228

- YFK skal i samarbeid med lærer ha fulle og heile oversikt over skulens samla mengde søkjarar. YFK og lærar kan være ein koordinator i enkelte tilfelle og ei støtte for bedrift, og kople på andre samarbeidande instansar ved behov.

Deltaking i prosjektgruppe leia av fagopplæringskontoret - få på plass varige strukturar og arbeidsmåtar som kan overførast til andre skular i fylket.

- Sikre kjennskap og opplæring i bruk av ulike system. YFK skal arbeide med system for å få med seg kollegiet, skulen og bedrifter samla i forståing av det 4-årige løpet. Bidra til utvikling og erfaringsdeling i prosjektet. Styringsgruppa og prosjektleiinga vil gje retningslinjer for arbeidet og dei oppgåver som skal utførast av den enkelte YFK.


2 PROSJEKTORGANISASJON

Styringsgruppe

- Sissel Øverdal (leiar)
- Linda Farestveit
- Rolf Arve Haugstvedt, rektor Årstad vidaregåande skule
- LO
 - Atle Rasmussen
 - Mads Kleven
 - Rita Jordal
- KS – Sølvi Olrich Sørebo
- OKEL – Morten Mjeldheim
- BYGGMESTRENES SERVICEKONTOR - Inge Bauge
- Hege Osebakken/Ola Dahl Andersen

Prosjektgruppe

- Hege Osebakken (leiar)
- Ola Dahl Andersen
- Sotra vidaregåande skule
YFK - Ingrid Beate Lægred
Ass. rektor Torstein Telle
- Slåtthaug vidaregåande skule
YFK- Lise Knag
Ass. Rektor – Stig Haldorsen
- Stord vidaregåande skule

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Prosjektplan Yrkesfaglege koordinatarar Auka gjennomføring «Fleire ut i lære»		
	Dokumenttype: Prosjektmal	Godkjend av: Styringsgruppa	Gjeld frå: 01.01.2017
Utarbeidd av: Hege Osebakken og Ola Dahl Andersen	Godkjend dato: 03.05.2017	Revidert dato:	Arkivsak: 2017/1228

YFK- Hermod Kirkelid
 Avd. leder – Erik Henneli

- Voss vidaregåande skule
 YFK - Ole J. Opkvitne
 Rektor Svein Inge Styve
- Årstad vidaregåande skule
 YFK- Torunn Ask
 Rektor Rolf Arve Haugstvedt

YFK er tilsett på den einskilde skule og rektor har personalansvar. YFK skal rapportere til rektor. Arbeidet skal utførast i høve retningsliner frå prosjektleiinga og styringsgruppa.


3 . OMFANG OG AVGRENSING

3.1 Prosjektet heng saman med andre oppgåver eller prosjekt

- Tidlegare læreplasskurs modell 1 og modell 2 – gjennomført med midlar frå Udir.
- Læreplasskonferansen – samarbeid HFK, NHO og LO
- Struktur og plan for Vg3 alternativ slutttopplæring i skule – lovpålagt oppgåve
- YFF prosjektet – seksjonen skule
- Arbeidet med fagnettverka, seksjon skule
- Yrkesfaglærløftet, seksjon skule
- PBG- Yrkesretting og relevans i opplæringa

3.2 Yrkesfagleg koordinator skal i utgangspunktet ikkje arbeide med

- Rådgeving på individnivå
- Kartlegging på individnivå
- Formidling av lærlingar/lærekandidatar på individnivå
- Overta arbeid og oppgåver som i dag er ivaretatt av andre tilsette i skule og som fungerer hensiktsmessig.
- Dei skulane der det i dag er tilsett arbeidslivskoordinator – skal sjølvstendig halde fram med det arbeidet.

	Prosjektplan Yrkesfaglege koordinatarar Auka gjennomføring «Fleire ut i lære»		
	Dokumenttype: Prosjektmal	Godkjend av: Styringsgruppa	Gjeld frå: 01.01.2017
Utarbeidd av: Hege Osebakken og Ola Dahl Andersen	Godkjend dato: 03.05.2017	Revidert dato:	Arkivsak: 2017/1228

4 PROSJEKTOPPFØLGING

4.1 Avgjerdspunkt


AVGJERDSPUNKT 1	1 JUNI 2017	OPPSTART PROSJEKT
Føresetnader	Prosjektplan ferdig, godkjent av styringsgruppa. Koordinatorane er på plass.	
Avgjerdspunkt 2	15.september 2019	Avslutning prosjekt
Føresetnader	Ferdig med hovudaktivitetane. Sluttrapport ferdig	

4.2 Milepælar

Det vil bli fremma sak hausten 2017 om forlenging av prosjektet ut 2019.

MP-7 tek høgde for ei slik mogleg forlenging.


MP-1		PROSJEKTPLAN VERT VEDTEKEN
MP-2	1. juni 2017	Koordinatorar byrjar
MP-3	Felles introduksjon og opplæring av YFK	Gjennomført etter plan
MP-4	Melding til Fylkestinget juni 2017	Delrapport 1
MP-5	Sak om forlenging av prosjektperioden, oktober 2017	Delrapport 2
MP-6	Evaluering til Fylkestinget oktober 2018	Delrapport 3
MP-7	Vurdering og mogleg vidareføring, Fylkestinget mars 2019	Delrapport 4
MP-7	Oktober/november 2019, mogleg seinare om vidareføring	Eventuelt - Sluttrapport

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Prosjektplan Yrkesfaglege koordinatarar Auka gjennomføring «Fleire ut i lære»			
	Dokumenttype: Prosjektmal	Godkjend av: Styringsgruppa	Gjeld frå: 01.01.2017	Tal sider: 15
	Utarbeidd av: Hege Osebakken og Ola Dahl Andersen	Godkjend dato: 03.05.2017	Revidert dato:	Arkivsak: 2017/1228


5 INTERESSENTAR OG KOMMUNIKASJONSPLAN

5.1 Interessentar/målgrupper

Interessent (aktør)	Krav/ forventningar til prosjektet (aktørens interesse)	Grad av påverking på prosjektet	Handtering
Politisk miljø	Forventning om målbare resultat.	Stor Kan påverke gjennom løyvingar	Evaluering og rapportering etter oppsett plan.
Skuleeigar (opplæringsavdelinga)	Fleire elevar vert formidla ut i lære. Auka gjennomføring. Betre samarbeid om det 4-årige løpet. Retten til alternativ sluttopplæring	Stor Personale på skulane vert involvert. Kan føre til endringar på systemnivå.	Deltakar i styringsgruppa informerast
NAV	Betre samarbeid om vanskeleg formidlingsbare elevar. Samarbeidsavtalen	Middels	Blir informert Involvert tidleg, fokus på bidrag for å kunne lukkast. Dialog, samarbeidsmøter.
SYR	Har prosjekt på gang som vil krysse dette prosjektet.	Middels Samarbeidspart Deling av erfaring	Dialogmøter Informasjon
Rektor	Sjå resultat på sin skule. Sikre god integrering av YFK på skolen.	Stor Er nøkkelen på systemnivå.	Er med i prosjektgruppa.
Personell på skulane	Det er store forventningar til YFK blant personellet på skulane. Forventningar til at nokon skal ta seg av formidling, skaffe læreplasser og lærebedrifter til	Stor Viktigaste samarbeidspart for YFK. Sitter på mykje informasjon. Kan også yte motstand mot endringane som	Informasjonsdeling og kommunikasjon. Samarbeide tett

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Prosjektplan Yrkesfaglege koordinatarar Auka gjennomføring «Fleire ut i lære»			
	Dokumenttype: Prosjektmal	Godkjend av: Styringsgruppa	Gjeld frå: 01.01.2017	Tal sider: 15
	Utarbeidd av: Hege Osebakken og Ola Dahl Andersen	Godkjend dato: 03.05.2017	Revidert dato:	Arkivsak: 2017/1228

	elevane. Organiserer YFF	YFK representerer Gjennom organiseringa med faget YFF.	
Seksjon fagopplæring	Forventningar til resultat. Fleire elever som blir tidleg formidla og færre som står utan læreplass på hausten.	Stor Sitter på dagens rutinar og system. Har oversikt over søkjarar og formidlingstall.	Bidra med kunnskap og informasjon
Opplæringskontor	Forventningar til tett dialog med YFK og skulane. Betre tilgang på kvalifiserte lærlingar.	Middels	Dialog Informasjon Samarbeid
Lærebedrifter	Lærlingar kvalifisert for arbeidslivet. Arena for gjennomføring av YFF.	Liten Ikkje direkte påvirkning, men vil bli involvert og kan medverke. Viktig !	Oppsøkjande verksemd. informasjon
Attføringsbedrifter	Samarbeid	Middels Tilbyder for dei som er vanskelige å formidle. Tilbod til lære kandidatatar.	Dialog, informasjon og samarbeid
OT/PPT	Ansvarsavklaring Kven gjer kva	Middels Sitter på informasjon på individ- og systemnivå. Deltek i ressursteam, kjenner slutare og dei som er vanskelige å formidle.	Viktig og naturleg samarbeidspart

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Prosjektplan Yrkesfaglege koordinatarar Auka gjennomføring «Fleire ut i lære»			
	Dokumenttype: Prosjektmal	Godkjend av: Styringsgruppa	Gjeld frå: 01.01.2017	Tal sider: 15
	Utarbeidd av: Hege Osebakken og Ola Dahl Andersen	Godkjend dato: 03.05.2017	Revidert dato:	Arkivsak: 2017/1228

5.2 Kommunikasjonsstrategi

Kommunikasjon og informasjon vil vere ein suksessfaktor, samstundes er dette den største fallgruva.

Prosjektet rapporterer til styringsgruppa og politisk leiing. Dei yrkesfaglege koordinatarane vil saman med leiarar frå skulane utgjere prosjektgruppa. Det er eit mål å få koordinatarane forankra så høgt i organisasjonen på skulane som mogleg. Personalansvar skal ligge hos rektor/ ass. rektor.

For å gjere prosjektet kjent og sikre gjennomføringskraft er det også ei viktig rolle for koordinatoren å informere internt og eksternt i lokalmiljøet.

Det er eit mål for prosjektleiinga å få presentert prosjektet i flest mogleg relevante fora. T.d. Leiargruppa i Opplæringsavdelinga, Rektorsamlingar, samlingar med Opplæringsavdelinga, Solstrandkonferansen osv.

Styret vil undervegs verte haldne informert om kva fora prosjektet er presentert for.


5.3 Evaluering

Prosjektet skal evaluerast kvantitativt og kvalitativt etter tidlegare nemnte milepælar under punkt 4.2.

6 RISIKOVURDERING

Nokre punkt som ein må merke seg og rette særskilt fokus på med tanke på risiko for konflikhtar som kan oppstå.

- Mangel på informasjon og kommunikasjon
- Iverksetting og innfasing av prosjektet på skulane
- Samarbeid mellom avdelingar i HFK og ulike aktørar på skulane
- Motstand hos personell på skulane.
- Interesse konflikt mellom dette prosjektet og pågåande prosjekt og arbeidsoppgåver i Opplæringsavdelinga.
- Tidsfaktor – prosjektet er tidsbegrensa og ting tar tid
- Økonomiske faktorar

	Prosjektplan Yrkesfaglege koordinatarar Auka gjennomføring «Fleire ut i lære»		
	Dokumenttype: Prosjektmal	Godkjend av: Styringsgruppa	Gjeld frå: 01.01.2017
Utarbeidd av: Hege Osebakken og Ola Dahl Andersen	Godkjend dato: 03.05.2017	Revidert dato:	Arkivsak: 2017/1228

I rapporteringa til styringsgruppa vil relevante risikofaktorar bli vurdert regelmessig.

7 RESSURSBEREKNING

<i>Prosjektnr:</i>	62038
Budsjett 2017	4 500 000
Budsjett 2018	4 500 000
Jf vedtak i sak FT juni 16; 2016/4866-1	

Budsjett	2017	2018	2019
Lønn koordinatarer (f.o.m. 01.06.2017)	1 948 046	3 660 704	3 752 221
Lønn skuleeigar (f.o.m. 01.01.17)	749 467	768 204	787 409
Totalt Lønn	2 697 513	4 428 907	4 539 630
Reise/møter/mobil	90000	150000	150000
Studietur	55000		
Utstyr (pc, mobil)	60000		
Totalt andre kostnader	205000	150000	150000
TOTALT	2 902 513	4 578 907	4 689 630
<i>Restbudsjett</i>	<i>1 597 487</i>	<i>- 78 907</i>	<i>- 4 689 630</i>

Kommentarar:


Lønn alle åra er berekna inkl sosiale utgifter, og for 2018 (Og 2019) prisjustert.


2018: budsjettet viser eit underskot som må balanserast ut innan sektoren.

2019: er berekna med omsyn til sak hausten 2017 om forlenging av prosjektet.

8 GJENNOMFØRING

8.1 Tidsplan




 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Prosjektplan Yrkesfaglege koordinatarar Auka gjennomføring «Fleire ut i lære»			
	Dokumenttype: Prosjektmal	Godkjend av: Styringsgruppa	Gjeld frå: 01.01.2017	Tal sider: 15
	Utarbeidd av: Hege Osebakken og Ola Dahl Andersen	Godkjend dato: 03.05.2017	Revidert dato:	Arkivsak: 2017/1228

Prosjektet vart starta opp i slutten av 2016 og går ut 2018 (2019). Hovudtyngda i prosjektet vil først koma frå sommaren 2017 då dei 5 yrkesfaglege koordinatarane er på plass. Det vert lagt fram ei sak til politisk handsaming hausten 2017 der ein ber om at prosjektet vert utvida til også å gjelde for formidlingsåret 2019.

Skuleåret strekk seg frå august til juni, vidare arbeidast det administrativt med formidling heile året. Hovudtyngda for formidling til læreplass er gjennomført innan utgangen av oktober, to år etter at eleven starta på Vg1. Ein del av oppdraget i prosjektet er at ein skal ivareta dei elevane som søker læreplass, som ikkje er formidla til lære pr. 15. august. Desse elevane skal følgjast opp av avgjevarskulen.

Det vil bli laga detaljert tidsplan for heile prosjektet og for oppstarten spesifikt. Sjølve tidsplanen, eller årshjulet vil måtte bli til gjennom prosjektet og etter at koordinatarane er på plass og prosjektet skrid fram. I grove trekk vil planen sjå slik ut:

OPPSTART OG FÅ PÅ Plass STYRINGSGRUPPE OG PROSJEKTPLAN UTLYSING OG TILSETTING OPPLÆRING OG KICK-OFF MED KOORDINATORANE.	VÅREN 2017	OPPSTART
Utvikle plan og struktur for arbeidet til koordinatarane. <ul style="list-style-type: none"> • Kartlegge eigen organisasjon • Rolleavklaring i eigen organisasjon Deltaking og involvering rundt formidlingsarbeidet 2017.	<i>Haust 2017</i>	<i>Gjennomføring</i>
Arbeid med formidlingsarbeid på førehand av søknadsfristar og overgang frå vg2 til vg3. Formalisere arbeid og struktur rundt samarbeid mellom skule og arbeidsliv – YFF og intensjonsavtalar.	<i>Våren 2018</i>	<i>Gjennomføring</i>
Fokus på formidlingsoppgåver og prosessar. Oversikt og plan for elevar utan læreplass.	<i>Haust 2018</i>	<i>Gjennomføring</i>
Informasjon, oppgåver og prosessar knytt til	<i>Våren 2019</i>	<i>Avslutning</i>

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Prosjektplan Yrkesfaglege koordinatarar Auka gjennomføring «Fleire ut i lære»			
	Dokumenttype: Prosjektmal	Godkjend av: Styringsgruppa	Gjeld frå: 01.01.2017	Tal sider: 15
	Utarbeidd av: Hege Osebakken og Ola Dahl Andersen	Godkjend dato: 03.05.2017	Revidert dato:	Arkivsak: 2017/1228

<i>formidlingsarbeid i forkant av overgang frå Vg2 til Vg3, retta mot arbeidsliv, elever og tilsette i skulen.</i>		
---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	--	--

8.2 Overlevering og oppfølging av prosjekt etter prosjektslutt

Prosjekteigar må våren 2019 (eventuelt hausten 2019) avgjere om prosjektet skal forlengast. Det har i den politiske saksgangen kome fram ønskje om å kunne sjå dette prosjektet over lengre tid. Spesielt frå y-nemnda vart dette tatt opp.

Prosjektet må evaluerast og målast opp mot dei prosjektmål som ligg i planen og dei tal som danna utgangspunkt for saka den gong den vart vedteken.

Gevinst og effekt av ei innføring av yrkesfaglege koordinatarar slik tenkt i dette prosjektet, vil kanskje ikkje kunne målast etter så pass kort tid som to år. Det er eit overordna mål å få på plass varige strukturar som skal kunne takast i bruk også på andre skular enn dei som er plukka ut i prosjektet. Erfaringar frå Sør - Trøndelag fylke, som har etablert yrkesfaglege koordinatarar på alle sine yrkesfagskular rapporterer at resultat derifrå tilseier at dei fyrst såg sine resultat etter 4 år.

Hordaland vel å opprette eit prosjekt og få laga ein pilot, ein modell for formidlingsarbeidet som skal kunne implementerast på alle dei yrkesfaglege skulane. I dei løpande evalueringane , jf. milepælar og sluttevalueringa vil det bli gitt ei vurdering av ny/e framtidig modell/ar for formidling.